

# 10 råd frå FUG for samarbeid og inkludering

- 1** Smil og sei «Heil!» til barn, ungdom og foreldre. Vi treng alle å bli sett og møtt for den vi er.
- 2** Ver nysgjerrig på det som skjer blant barn og unge, både fysisk og digitalt. Forsøk å forstå framfor å døme. La det vere lov å trå feil.
- 3** Våg å vere den kjipe vaksne som stiller krav og set grenser. Allier deg med andre foreldre. Barn og unge treng rammer og varme, trygge, tydelege vaksne som følgjer opp.
- 4** Finn juvelen i barn og ungdom – også dei som ikkje er dine egne. Alle har eit talent eller ein eigenskap vi kan verdsetje.
- 5** Tenk «Alle med» når noko skal skje. Spør etter dei som ikkje møter.
- 6** Ta egne og andre sine barn og ungdomar «på fersken» i å gjere noko bra. Det vi fokuserer på, får vi meir av.
- 7** Ver ambisiøs – ikkje berre på vegner av egne barn og ungdomar, men også på vegner av fellesskapet. Elevar trivst og lærer best i trygge og gode klassemiljø.
- 8** Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere litt. I sum kan du og foreldregruppa du tilhøyrrer, bidra med mykje – på mange område.
- 9** Det vi ikkje veit, kan vi ikkje gjere noko med. Sei frå til skulen, både når ting fungerer og når det oppstår krevjande situasjonar. Jobb for at det same skal vere mogleg internt i foreldregruppa.
- 10** Alt kan takast opp – det handlar berre om korleis ein ordlegg seg. Ver vennleg og oppriktig. Vis interesse og lytt. Ha respekt for synspunkta til andre, og rom for å skifte mening.



# Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er eit nasjonalt og uavhengig organ som jobbar for eit godt samarbeid mellom skule og foreldre.

## Kva kan FUG bidra med?

FUG gir råd og rettleiing, både til foreldre, tilsette i skulen, lærarstudentar og myndigheiter.

Dette gjer vi ved å

- svare på munnlege og skriftlege førespurnader
- dele informasjon via eiga heimeside, nyheitsbrev og SoMe
- tilby utskriftsvennleg materiell og informasjonsfilmar via eiga heimeside
- halde foredrag tilpassa dei ulike målgruppene
- gi råd til myndigheiter og samarbeidspartnarar

Alle tenestene våre er gratis.

## Kven er FUG?

Utvalet består av sju medlemar og to varamedlemar. Alle er foreldre som har vore aktive og engasjerte i lokalt skule-heim samarbeid. Utvalsmedlemene blir utnemnde for fire år om gongen.

FUG-administrasjonen, som held til i Bø i Telemark, sikrar den daglege drifta av utvalet. Det er skulerådgivarane her som svarer på førespurnader frå foreldre og andre. Rådgivarane har brei kompetanse og praksis frå ulike typar skular og skule-heim samarbeid.



Meld deg på  
nyheitsbrevet



Foreldreutvalet  
for grunnopplæringa

Besøk oss gjerne på  
[foreldreutvalgene.no](http://foreldreutvalgene.no)